



Komlemiddagane på Oska har vore svært populære.

Fleire har etterspurt når det vert komletorsdag og søndagsmiddag på Oska då dei ikkje er på facebook. Denne torsdagen er det igjen klart for det gode komlebuffèet på restauranten på Sandakaaien, og dette vert fulgt opp med quiz på fredagen, skreifest på laurdagen og så kan vi ta turen på Oska søndag for ein herleg søndagsmiddag.

No i den mørkare årstida er ikkje desse tilboda kvar veke. Det er kunngjort på ein god og oversiktleg plan på facebook, og i tillegg vert det sett opp godt synlege plakatar i Sandavegen og på Spar i god tid. Oversikten på facebookside finn de ved å klikka [HER](#).

Sist gong det var 'opningsveke' var det lite besøk, - berre 5 på komlemiddag og like lite på søndagsmiddag. På skreifesten om laurdagen var det berre 4. Vi håpar det labre besøket kom av at folk ikkje var blitt vane med den nye ordninga. Det er i alle fall fleire som har spurt etter når det vert både komler og søndagsmiddag. Derfor må vi håpa på mykje betre besøk denne veka.



[Søndagsmiddagane smakar også alltid herleg!](#)

Quizen har det vore aukande interesse for i det siste, og fredag er Sammy igjen klar med eit nytt knippe med spørsmål med god breidde i både tema og vanskegrad. Samtidig er kjøkkenet klar med ein snerten quizmeny.

Sjølv om Oska ikkje har fast opning kvar veke no, er dei alltid tilgjengelege for både faste selskap og catering. Sjå berre her! Denne fristande femretters menyen vart servert til eit bursdagselskap sist veke:

- Potet- & purreløksuppe med fjellørret og sitronsago.
- Salat med saltbakt og røykte raudbetar med grava eggeplomme, rug, gresskarkjerner og kefir.
- Skrei med steikt rogn, spinat, sauce vierge med kampers og kvitløksskrem.
- Flatbiff av kalv med parmesanpolenta, sopp, saltbakt gulrot, raudkålpurè og sherrysaus.
- Kefirpudding med karamelliserte nøtter og salt karamell.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Thor Inge Døssland og SmakifråOska